



Aslaug og Henrik med noko av årets haust

**Det er mange gamle morelletre i Uskedalen, men eitt av dei står på ein spesiell plass - bokstaveleg tala midt i trafikken. Det er morelletreet ved Solheim Turiststasjon, som dekkjer ein del av fasaden og særleg får mange beundrande blikk når det blømer. Men det er særleg no det fortener merksemd. Sjølv om det nærmer seg 100 år bærer det rik frukt og i så måte er det truleg først ute i bygda.**



[Allereie i 1940 var morelletreet stort](#)

- Treet plar ha mykje morellar, men ikkje så mykje som før, seier Aslaug og Henrik Lyse og spør om uskedalen.no vil ha ei smaksprøve.



No er treet 9 meter høgt

Regn og vind har øydelagt mykje denne våren og under treet ligg det fullt av 'havarete' morellar. Men det er framleis mykje att og modningsprosessen har gått sin gang med brukbart resultat trass i tilhøva. 100-åringen er med andre ord svært livsfrisk. Modne morellar 15. juni er eit imponerande resultat. Men det er viktig med sol for modningsprosessen. Skjønt 100 år? Ingen veit sikkert om det er den rette alderen, men vi kan i alle fall sjå på eit bilete frå 1940 at treet allereie då var minst 3 meter høgt medan det no er rundt 9 meter. Dermed nærmar det seg i alle fall hundre år.

- Opprinneleg var det 3 slike morelletre her, men to av dei sto slik til at dei måtte fellast då riksvegen vart utvida. Det skjedde etter krigen, men før 1956, fortel Aslaug og Henrik.

Aslaug, som er 66, hugsar godt alle dei 3 trea frå då ho var lita. Det var foreldra Fridtjof og Aslaug Sunde som planta dei.

Visste du forresten at treverket i morelletreet er fast og tydeleg strukturert og blir nytta både til møblar og musikkinstrument?

Morell er namnet på ein gamal kirsebærsort som stammar frå Chateau de Moreilles i Frenkrike. Heggen høyrer til den same slekta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

